



Protokoll frå årsmøte i Møre og Romsdal Bondelag fredag 12. - laurdag 13. mars 2010 Alexandra Hotel, Molde



Landbrukskonferansen fredag 12. mars 2010 i framkant av fylkesårsmøtet samla 96 deltakarar. (Foto: Arild Erlien)

Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag vart sett laurdag 13. mars kl 08.30

Ordstyrar John Helde opna møtet og ønskte velkomen.

SAK 1: OPPROP OG GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Varsel om årsmøte send i lokallagsbrev desember.

Innkalling og sakliste sendt 15. februar.

Organisasjonskonsulent Arild Erlien foretok opprop.

Deltakarlista vert lagd ved protokollen.

På årsmøtet laurdag møtte i alt 47 personar med røysterett, av desse 40 utsendingar frå 29 lokallag, ordførar, 5 i fylkesstyret og 1 frå M&R Bygdekvinne-lag. (I tillegg var to lokallag representert fredag, men ikkje laurdag)

Totalt deltok det 99 personar ein eller to dagar på konferansen og/eller årsmøtet. 96 av desse deltok på temakonferanse fredag kl. 10.45-15.45.

Elles møtte som inviterte gjestar utan røysterett æresmedlemene Guttorm Kjelsvik og Gunnar Waagen, varaordstyrar Knut Sjømæling, May Iren Aasen, styrekandidatane Hans Frafjord og Audun Skjervøy, kandidat til 1.vara Arne Rekkedal, 3 frå valnemnda som ikkje var utsending til årsmøtet og 4 frå fylkeskontoret.

Inviterte gjestar og innleiarar på temakonferansen og årsmøtet var: Fylkesmann Lodve Solholm, stortings-

representant Tove-Lise Torve (Ap), Sunndal, fylkesvaraordførar Svein A. Roseth (KrF), LO-sekretær Rune Solenes Opstad, styremedlem i Norges Bondelag, Svein Guldal, landbruksdirektør i Møre og Romsdal, Anne Berit Løset, fylkesjordsjef Ottar Longva, Sivert Gravem frå Innovasjon Noreg, Knut Bertil Øygaard frå Gjensidige Nordmøre og Romsdal, Kari Redse Håskjold (Nortura), Borghild Reenskaug (TINE Meieriet Vest), Heine Bakke (Tine Midt-Norge), leiar Oddveig Gikling-Bjørnå og adm.dir. Karl Arne Aandal frå Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, Lars Erik Hubred (leiar i M&R Norsvin), Martha Ebbesvik (Bioforsk Økologisk), rektor Aadne Haarr og dagleg leiar Geir Inge Lien frå Gjermundnes landbruksskule, Ivar Bakken, Arnar Lyche og Sverre Heggset frå Landbruk Nordvest, jordbrukssjef i Tingvoll, Rose Bergslid, Eivind Ryste Vardal frå M&R fylkeskommune og planleggar Øyvind Bolsø frå Felleskjøpet N&R.

I tillegg deltok det 11 deltakarar på temakonferansen fredag, som var frå landbruksavdelinga i M&R fylke, 1 sparebank, 1 lokalt Bondelag og jordbrukssjefar/tilsette i kommunane.

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: PB 2047 Moldegård 6402 Molde	Besøksadresse: Fannestrandveien 63. Molde	Telefon: 71 20 28 90	E-postadresse: More.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag	Org.nr.: 939678670	Bankkonto: 3980.07.11308	Internet:
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal



Frå venstre: Organisasjonssjef Gunnar Wentzel, årsmøtordstyrar John Helde, avtroppande leiar Arne Magnus Aasen og påtroppande leiar Inge Martin Karlsvik. (Foto: Arild Erlien).

SAK 2: VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVE UNDER PROTOKOLL

Vedtak: Janne Mork og Jan Ståle Haugnes valt til å skrive under protokollen.

SAK 3: OPPNEMNING AV REDAKSJONSNEMND

Vedtak: Per Kristian Gjerde (leiar), Tore Simonset, Olaug Kvendset og Søren Johan Øveraas.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen sin tale

Leiaren tok opp: Forhåpningane framfor kvar jordbruksavtale, og spesielt det omfattande Vestlandssamarbeidet i år. Den pedagogiske utfordringa rundt presentasjon av avtala i media og når saker bør bli reist offentleg. Omfordeling er ikkje noko vi snakkar om utad, men kan bli naudsynt dersom det ikkje kjem friske pengar. Dei store endringane i strukturen er teke.

Ta i bruk alle ressursane på garden. Rammevilkåra må tilpassast både store og mindre bruk. Tida er overmoden for å få berre eitt faglag.

Hadde venta at fleire enn Nortura hadde teke grep, og bekymra for at Tine kan kome i same situasjon. I arbeidslivet elles er det tariffen som gjeld. I landbruksorganisasjonane er det mykje dobbelt og trippelarbeid. Trur landbruket kunne ha spart milliardar. Det er enklare å få god inntekt som tilsett i landbruket enn som bonde. Landbruket må ta større tak i bruken av ressursane. Vi har ikkje behov for store tunge organisasjonar dersom det ikkje er bønder nok igjen. Det er tillitsvalde som må korrigere kursen.

Siterte Tine-leiar Fredmund Sandvik: Må vere meir oppteken av å løyse oppgaver enn å byggje organisasjon. Føler at ein ikkje har oppnådd det ein som leiar hadde forventning om.

Media er meir opne og ærlege med næringa enn for 6 år sida. Forbrukarane enno meir positive. NHO-Reiseliv snakkar landbruket sin sak. Alliansbygging er viktig. Det har vore nokre krisar desse åra: Matvarekrisa. Miljø- og klimakrisa. Så kom finanskrisa og alt det andre var gløymt. Våre produkt har verdi til alle tider.



Styremedlem i Norges Bondelag, Svein Guldal. (Foto: Arild Erlien).

SAK 4: ÅRSMELDING FOR MØRE OG ROMSDAL BONDELAG 2009

Organisasjonssjefen la fram årsmeldinga.

Vedtak: Årsmelding for Møre og Romsdal Bondelag 2009 godkjend.

SAK 5: REKNESKAP FOR MØRE OG ROMSDAL BONDELAG 2009

Organisasjonssjefen la fram rekneskapet. Ordstyrar refererte revisors melding.

Ola Steinsvik meinte renteinntektene av fylkeslaget sin kapital er låg og oppmoda om å gå over til Landkreditt. Organisasjonssjefen svarte at fylkesstyret hadde gjort prinsippvedtak om det.

Vedtak: Rekneskapet for Møre og Romsdal Bondelag for 2009 er godkjend. Rekneskapet er gjort opp med eit overskot på kr 113.220. Eigenkapitalen 1.1.2009 var kr 763.409. Ny eigenkapital pr 1.1.2010 er med det kr 876.629.

SAK 6: ARBEIDS- OG TILTAKSPLAN FOR M&R BONDELAG 2010-2011

Arbeidsplanen vart presentert av organisasjonssjefen.

Vedtak: Arbeids- og tiltaksplan for 2010-2011 godkjend.

Næringspolitikk:

Mål: Arbeide for ei inntekt og sosiale rettar på line med andre i samfunnet. Fylkeslaget sin uttale til jordbruksforhandlingane 2010 blir retningsgjevande for politiske prioriteringar i 2010 - 2011.

* Ta initiativ, vere pådrivar og drive skoloring i saker som gjeld landbrukspolitikken, næringsutvikling, WTO, EU og EØS, naturforvaltning, kulturlandskap, verneplanar, rovdyr, lokal og regional forvaltning.

Samfunnskontakt og utadretta verksemd

Mål: Fremme distrikts- og landbrukspolitiske saker. Positive informasjonsmarkeringar med norsk mat i sentrum, synleggjere arbeidet Bondelaget gjer og presentere faktaopplysningar om landbruket.

* **Politikarar og beslutningsorgan:** Kontakt med offentlege myndigheiter og kommunane.



- * Opinionsen og forbrukarane: Informasjonsaksjonar. Alliansbygging.
- * **Media:** Vere synleg i mediabiletet, reise eigne saker og ta del i samfunnsdebatten.
- * Kontakt og drøfting mellom landbrukssamvirket og Bondelaget.
- * Open Gard – minst eitt arrangement i kvar region

Organisasjon

Mål: Organisasjonsbygging, skoloring, rekruttering og auke medlemstalet.

- * Utvikle møta i fylkeslaget og lokallaga som arena for sosial og fagleg aktivitet.
- * **Informere** tillitsvalde, medlemmer og andre ved lokal-lagsskriv og heimeside på Internett.
- * Kontakt med medlemmer og lokallag.
- * Prioritere medlemsverving av uorganiserte bønder. Invitere alle nye bønder til medlemskap.
- * Rekruttering av unge til næringa og tillitsverv.

Landbruksbasert næringsutvikling – tradisjonelt og nye næringsgreiner

Mål: Peike på mulegheiter på garden, forsterke det faglege miljøet i næringa.

- * Informere om virkemidlar for næringsutvikling.
- * Auka arbeid med landbruksfaglege saker.
- * Regionalt samarbeid i samarbeidsrådet for Midt-Norge og med Vestlandsfylka.

SAK 7: BUDSJETT FOR MØRE OG ROMSDAL BONDELAGE 2010

Budsjett vart presentert av organisasjonssjefen.

Vedtak: Budsjett for Møre og Romsdal Bondelag 2010 godkjend. Budsjettet er gjort opp med eit underskot på kr 85.000. Styret meiner fylkeslaget sin økonomi likevel er så god at det er grunnlag for å redusere eigenkapitalen. Budsjettet tek ikkje omsyn til ekstra aktivitetar som også fordrar ekstra inntekter.

SAK 8: ÅRSMØTEFOREDRAG VED STYREMEDLEM I NORGES BONDELAGE, SVEIN GULDAL:

Viktig å vere kritisk til vedtekne sanningar i det politiske miljø. Vestlandet er verdas mest ressursrike område, midt i smørøyet. Da må de gå i samarbeid med verkstadindustrien.

Norges Bondelag har nytta mykje tid og ressursar på internasjonale saker. Har vunne to EU-kampar. Har hittil handtert dei enorme WTO-utfordringane.

Presentert seg som "fotosyntese-forvaltar", som kan gjere solenergi om til mat og ressursar. Klimaendringane har medført at Australia snakkar mindre om liberalisering av verdshandelen i WTO. Kjedemakta: Kan ikkje ha det slik at nokre få kjeder styrer over 60.000 norske bønder. Kjøret mot norsk landbruk har nok bakgrunn i at vi har vunne EU-kampen to gonger.

Korleis skal vi halde liv i heile Vestlands-landbruket dersom det skal konkurrere med enno meir satsing på olje- og gass. Arbeidarpartiet snakkar ute i verden om den norske velferdsmodellen.

Det er teke opp flytting av dyr tilbake til Austlandet nærare der folk bor. Sagt at det er mykje lurare å ha kua der ein kan dyrke gras.

Forhandlingane mellom Norge og EU er ikkje mykje balanserte. Spørsmål er om når det passer å få klimatilpassing inn i tilskotssystemet. Må få fram fleksible tilskotssystem som raskt kan tilpassast nye klimaforhold. Vi kan kvart år ta ein tilpassing i avtala.

Bondelaget er uavhengig takk vere kontingentinntekter og medlemsverving slik som vart honorert i årsmøtet i Møre og Romsdal. Farleg å vere avhengig av midlar frå styresmaktene.

Olje har vore grunnlaget for velstand i den vestlege verden. Ein oljetank kvar månad må erstattast med fire flislass kvar dag. Bør gå for uavhengig av olje i norsk landbruk. Må finne smarte tekniske løysingar for landbruket. Burde ha hatt desse tiltaka på Møre i Trøndelag på landbruksskulen her. Få vindmølle på alle låvemøner. Og solceller på låvetaket. Termisk varmelagring. Få norske bønder over på fornybart slik at ein kan møte ein situasjon utan olje.





GENERALDEBATT

Ivar Aae, Averøy: Felleskjøpet: Pris på kraftforet må vere sak nr ein, men varierer avhengig av kvar ein bur og det kan vi ikkje godta. Det er vi som eig desse organisasjonane. Kan ikkje halde oss med unødige kostnader. Ver aktive eigarar.

Odd Einar Fjørtoft, Harøy og Fjørtoft: Når LO seier at krava våre er utydelege seier det at vi har ei oppgåve, og det er mange område. Arealbruk: Styremaktene vernar fjellknausar og legg ut dyrka mark til parkering for hytter. Framlegg om totalforbod mot nydyrking av myr, dvs mot all nydyrking i Haram. Kan ikkje vere jordbruket som skal svi for at vi pumpar olje i Nordsjøen. Eit nederlag at vi sjølv stoppa kompetansebevis for dyrevelferd. Mjølke og grovfôr er motoren i norsk landbruk. Kornprodusentane bruker kraftforet i mjølkeproduksjonen som søppelbøtte, øydelegg vomfunksjonane til kua. Sette havreprisen til null for det som skal til fôr. Mjølke får ein trekk for kvalitet, medan ein køyrer plantegiftar land og strand rundt for å blande det ut i kraftforet når det burde vore brent.

Hans Frafjord, 1. vara til styret: Organisasjonen ta vare på kunnskapen til sentrale tillitsvalde som går ut. Driftsresultat som ikkje svarte til driftsplanane.

Trond Malmedal, valgkomiteen: Korleis få unge i næringa: Økonomi. Må få ei krone på mjølka.

Elling Kvammen, Fræna: Rekruttering – ikkje status å gå på Gjermundnes, skulle vore meir praktisk utdanning. Må tilrå dei unge å gå inn. Kva for struktur i mjølke: Sau i fylkeslaget positivt med tillegg påsett-lam. Utegangarsau er berre kulturlandskap som blir produsert. Meiner fylkeslaget at nedre grense produksjonstillegg bør vere 100 v f sau?

Solveig Linge Stakkestad, Bygdekvinnelaget: Trygg mat. Bygdekvinnelaget bekymra for at yngre har lite kunnskap om mat og tillaging. Bør ha samarbeid med frivillige organisasjonar om den gode smaken. Matvarekjedene. GMO og føre vår.

Kari Redse Håskjold, Nortura: Kjenner at hjartet er i Bondelaget. Behovet for samvirke både på leverandørsida og butikksida. I Nortura ser ein på innsparring innan 30% av kostnadene og då kan ikkje noko vere heilag, og de må hjelpe oss med å stille krav. Halvparten av fabrikkane er over 40 år. Ber om auka andelsinnskot frå 1.000 kr til no 12.000 kr, er investering ein kan ta med ut og med rente. Kunne trekt pris

eller etterbetaling. Spel inn til stortingsmeldinga kva for matpolitikk vi vil ha.

Arnfinn Gruner, Ålvundeid: Rekruttering spørsmål om pengar. Mange rare aksjonar som det kjem lite ut av. Kan ikkje vere redd for å ramme tredjeperson, men må vere samordna.

Borghild Reenskaug, Tine: Synes fylkeslaget har gjort veldig god jobb saman med dei andre vestlandsfylka og spissa framfor forhandlingane. I Tine Vest framleis slik at meste mjølka kjem frå bruk under 100.000 liter. Industri over heile landet med det mest moderne ysteriet på Byrkjelo. Det internasjonale arbeidet som blir gjort er viktig, for det er eit globalt problem at det ikkje blir produsert nok mat. Tine sin jobb å levere sine resultat i ein stadig sterkare konkurranse. Tollvernet for mjølke svakt i dag. Importkvoten auka, konkurransen er der og oppslutninga om samvirke viktig.

Anders Øverbø, Rauma: Rekruttering må Norges Bondelag satse på slik regjeringa har fokus på, og eit truverdig program vi kan vise til overfor andre.

Oddvar Mikkelsen, Surnadal: Omfordeling om ramma ikkje blir auka, korn kontra husdyr. Kanaliseringspolitikken. Fylkeslaget går for å fjerne prisnedskrivninga som også gir lågare toll på importert kraftfôr. Mjølkepris ei krone – er det rom for det. Gris burde vore nemnd meir. Småkraftverk og grønt sertifikat bør fylkeslaget ta opp.

Guttorm Kjelsvik, æresmedlem: Det politiske panelet – hang til å vere politisk korrekt. Politikarane hendingsstyrt handlingsmønster. Under ein meter er det ikkje myr.

Eldbjørg Tvergrov, Hjørundfjorden: Jordvern viktig, men treng også busetting i bygdene.

Svein Guldal oppsummerte: Kraftfôr som søppelbøtte for dårleg korn. Må få prosenttoll. Fraktordningane kanskje ikkje jobba nok med. Nanopartiklar aner vi ikkje noko om konsekvensane av, medan vi kan mykje om GMO. Treng havre i vekstskifte i kveite.

Jan Ståle Haugnes, Hustad: Våre krav må vere enkelt utad. Jfr politiet. Finanskrisa ikkje vi fått noko ekstra mot andre næringar. Studiering i laget. I år skal vi ha krona på mjølka. Vi er viljuge til å ofre for å få den krona, også å halde tilbake produkt. Truge med dei på førehand.

Ivar Bakken, Landbruk Nordvest: Takka for godt møte. Takka Arne Magnus Aasen for fokus på rettleiingsapparatet, og samarbeidet om rekrutteringskonferansen. Og fikk vidareføre to matprosjekt som Bondelaget har starta opp. Dyrkingsforbod myr viktig engasjere seg. Fylkesmann og Landbruk Nordvest arbeider med uttale.

Birgit Kjerstad, styret: Våre synspunkt må vere berekraftig og etisk basert i f t økonomi, miljø, produsentmiljø og korleis bonden har det. Mat er globalisert.

Ola Steinsvik, Volda og Dalsfjord: Oppmoda fylkeslaget til å følgje opp problemet med giftig korn. Nortura og argument for samvirke med resultat oppnådd, som Geno, tenk om det var ein framand privat

organisasjon, viser at vi får til veldig mykje. Landkreditt bestemt seg for å bruke eigenkapitalen aktivt og det har gitt sparte kostnader.

Audun Skjervøy, styrekandidat: Rekruttering. Klårt for han at han vaks opp i byen når ein drøfter rekruttering. Må ha større perspektiv enn at neste generasjon skal overta. Om dei ikkje tek over – vi ser kva som skjer - også mange andre som ønskjer ta over gard. Timeløna jordbærplukkarar fordobla på nokre få sesongar, frå 50 til 100 kr pr time. Synest Fellesforbundet gått for fort fram i sine lønskav i f t økonomien i arbeidskrevjande produksjonar. Vore NILF-bruk og har hatt inntekt under våre tilsette i alle åra.

Solveig Linge Stakkestad: Bygdekvinnelaget sitt engasjement overfor andre grupper.

Arne Magnus Aasen oppsummerte: Tida inne for at landbruket begraver heilage kyr og tida er overmogen for å sjå på landbruket med nye auge. Takhøgda er blitt større. Også som bønder må vi vere målmedvetne forbrukarar. Prisnedskrivning korn argumentert for det vi meiner. Vi er oppteken av at trykket må bli gjort på førehand. Samvirke må også ha lojalitet i f t det å vere bonde. Har utfordra Landbrukets Arbeidsgiverforening om dei har ein samla strategi for lønsutvikling hos tilsette.

SAK 9: INNKOMEN SAK TIL ÅRSMØTET OM REKRUTTERING

Vedlegg: Innkomen sak om rekruttering frå Rauma Bondelag.

Vedlegg: Svar frå Møre og Romsdal Bondelag i form av søknad til fylkeskommunen om dei tiltaka fylkeslaget vil sette i verk på rekruttering, likestilling og kompetanse.

Leiar i Rauma Bondelag Anders Øverbø presenterte framlegg frå Rauma Bondelag om rekruttering.

Vedtak: Årsmøtet er svært glad for initiativet frå Rauma Bondelag om å arbeide meir aktivt med rekruttering på bredt grunnlag i vårt fylke. Årsmøtet sluttar seg til framlegget frå Møre og Romsdal Bondelag til tiltak på Rekruttering, Likestilling og Kompetanse.

SAK 10: UTTALER FRÅ ÅRSMØTET

Redaksjonsnemnda la fram forslag.

Vedtak: Årsmøtet vedtok uttale om 1) Økonomi.

2) Samvirke og kjedemakt

UTTALE 1: BONDELAGET VIL HA EIGEN VESTLANDSPAKKE

Mat og miljø er blant dei største politiske utfordringane for alle land i framtida. Møre og Romsdal Bondelag vil utfordre dei politiske partia til å vere med på ein nasjonal dugnad slik eit bredt politisk fleirtal fikk til rundt 1975. Dette for å sikre framtidig rekruttering og investering i norsk matproduksjon og matforedling. Dei som skal leve av næringa kan ikkje vente på neste val og den varsla stortingsmeldinga om landbruks- og matpolitikken. Det er ikkje arbeidsmessig muleg å doble produksjonen enda ein gong i håp om å betre lønsemda i det neste tiåret.

Gjennomsnittleg årsinntekt i landbruket er under 200.000 kroner og Vestlandsbonden ligg enno lågare. Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag ber om at det blir oppretta ein eigen Vestlands-pakke for å sikre landbruket der næringa betyr så mykje for mat, kultur, landskap og turisme. Ei slik tiltakspakke må vere geografisk målretta og fremme det arbeidskrevjande grovførbaserte husdyrholdet på Vestlandet. Spesielt i mjølkeproduksjonen trengs det sterke distriktstiltak for å betre den katastrofalt dårlege økonomien.

- For å møte utfordringane trengst kraftig auke av løyvinga over statsbudsjettet. I dag utgjer løyvinga til norsk matforsyning eit tredels forsvarsbudsjett, eller halvparten av den norske spillmarknaden på 24 mrd kr. Det er kjøpekraft i befolkninga til å heve prisane på mjølk og kjøt. Prisen på mjølk til produsent må opp ein krone literen, under føresetnad av endring til prosenttoll for mjølk.

Regjeringa sine gode forsøk på å løfte priser og tiltak i landbruket er ete opp av kostnadseksplosjonen i samfunnet dei siste fire åra. Rammevilkåra med investeringsmidlar, skatt og avgift, sosiale ordningar og kostnadsdrivande regelverk er ikkje gode nok for dei som vil satse som sjølvstendig næringsdrivande. Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag vil likevel utfordre dei unge til å satse på landbruksutdanning, bu i bygda og drive næring på alle sine ressursar, og å krevje sin rett.

UTTALE 2:

MAKTKAMPEN OM MATEN VÅR

- Kva kan norsk landbrukssamvirke gjere for meg som forbrukar. Spørsmålet er høgaktuelt. Både regjeringa og EU vil granske maktforholda i matvarebransjen. I Norge er makta til daglegvarekjedene total. Fire store kjeder har 99% av salet. Dei store og dels internasjonalt eigde kjedene ønskjer å skaffe seg enno meir makt og fortene ved å få kontroll med større del av matforedlinga.

Ut av handlelappen kan du lese meir enn at det er 14% matskatt her i landet. Med usynleg blekk står skreive at du også har valt mat frå gardsbruk som leverer landskap, kultur og miljø over heile landet. Bak Tine, Gilde og Prior står fleire tusen norske bønder og garanterer norske produkt. Dei leverer også traktorbrøyting, turisme og omsorg. Og så lenge her er norske råvarer å foredle får du med på kjøpet landets nest største industrigrein, næringsmiddelindustrien med 40.000 arbeidsplassar. Q-meieria leverer også norske mjølkeprodukt, men bak står internasjonal storkapital og utvalde sentrale mjølkeprodusentar.

Møre og Romsdal Bondelag meiner det kan vere ei farleg utvikling om daglegvarekjedene får enno meir makt ved å gå nedover i næringskjeda. Kjeder med mål om 1000 billige varer gir ikkje større vareutval eller garantiar om eit landbruk i heile landet.

- Kva gjer landbrukssamvirket for deg som er bonde. Det viktigaste er at dei pliktar å hente mjølk, slaktedyr og egg på øyar og opp mot fjellet over heile landet og betaler avtalt pris. Samvirket har ansvar for å regulere marknaden slik at det alltid er matvarer i butikk eller på lager etter behov. Samvirke må effektivisere og redusere kostnader. For å greie ei effektiv drift og å regulere marknaden på ein god måte er samvirke avhengig av at flest mogleg av bøndene leverer slaktedyr og mjølk. På denne måten kan bøndene sjølv vere med å sikre grunnlaget for framtidig produksjon, som ved å ta kraftfôr frå egne fabrikkar i Vest-Norge. Møre og Romsdal Bondelag meiner at både bonden og forbrukaren kan få litt meir makt ved å gjere dei rette bevisste vala.

SAK 11: VAL

Det har kome skriftlege framlegg frå Tingvoll BL, Todalen BL, Vestnes BL, Surnadal BL, Ytre Haram BL, Averøy BL, Gjemnes BL, Eide BL, Ørsta BL, Aure og Tustna BL, Ålvundeid BL og Hjørundfjord BL. Alle framlegg frå valnemnda er samrøystes. Leiar i valnemnda, Trond Malmedal, la fram innstillinga og presenterte kandidatane.

1. Leiar. Val for 1 år.

På val: Arne Magnus Aasen, Tingvoll
(Valt til leiar i 2004 - NEI til attval)

Vedtak: **Inge Martin Karlsvik, Eide – Ny - 44 st.,**
(Anne Katrine Jensen 1 st, blank 1 st.)
(nestleiar frå -08, styremedlem frå -05, vara frå -04)



Arne Magnus Aasen (foran t.v.) overlot leiarvervet til Inge Martin Karlsvik. Bak f.v. varamedlemene Arne Rekkedal, Janne Mork, og styremedlemmene Audun Skjervøy, Anne Katrine Jensen, Hans Frafjord og nestleiar Birgit Oline Kjerstad. (Foto: Arild Erlie)

2. To styremedlemer. Val for 2 år.

På val: 1. Styremedlem: Anne Katrine Jensen, Gjemnes (styremedl frå 2006, vara frå 2005 - stiller til attval)
2. Styremedlem: Per Kristian Gjerde, Stranda (styremedl frå 2008, 2. vara frå 2007 - NEI til attval)
(Ikkje på val til styret i år er Inge Martin Karlsvik, Eide og Birgit Oline Kjerstad, Haram)

Vedtak: **1. Styremedlem: Anne Katrine Jensen, Gjemnes - Attval 47 stemmer**
2. Styremedlem: Hans Frafjord, Vestnes (vara til styret frå 2007) - Ny – 47 stemmer

3. Eit styremedlem: Val for 1 år

(Styremedlem for eit år etter Inge Martin Karlsvik, som er valt til leiar)

Vedtak: **Audun Skjervøy, Norddal - Ny – 46 stemmer, Janne Mork 1 stemme**
(2. vara til styret i M&R Bondelag frå 2009)

4. Nestleiar. Veljast for 1 år mellom dei 4 styremedlemene.

(Inge Martin Karlsvik er valt til leiar)

Vedtak: **Birgit Oline Kjerstad, Haram - Ny**
(styremedlem frå 2007, vara frå 2006)

5. Val av 3 vararepresentantar til styret i nr.-orden for 1 år.

Vedtak: **1. vara: Arne Rekkedal, Ørsta - Ny**
2. vara: Janne Mork, Averøy - Ny
3. vara: Petter Melchior, Norddal - Ny

6. Utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag (2010/2011)

Pr. 31.12.2009 hadde fylkeslaget 3.431 medlemmer. Det skal veljast ein utsending for kvar påbegynt 600 medlemmer. Dette gir **6 utsendingar** (Grensa for 7 utsend. er 3.601 medl.).

Dei som er valt for to år og som skal møte i 2010 også (ikkje på val i år), er forutan leiaren:

1. Birgit Oline Kjerstad, Haram (2009/2010)
2. Inge Martin Karlsvik, Eide (2009/2010)

Inge Martin Karlsvik møter på årsmøtet som fylkesleiar. Det er difor valt utsending for eit år etter Karlsvik.

Vedtak: Utsending med funksjonstid (2010)

2. Audun Skjervøy, Norddal (2010)

Utsendingar med funksjonstid (2010/2011)

3. Anne Katrine Jensen, Gjemnes (2010/2011)
4. Hans Frafjord, Vestnes (2010/2011)

Utsendingar med funksjonstid (2010)

5. Arne Rekkedal, Ørsta (2010)
6. Janne Mork, Averøy (2010)

7. Val av 6 varautsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag i nummerorden for 1 år.

Vedtak:

1. Petter Melchior, Norddal
2. Gunnbjørg Trondsen, Fræna
3. Olaug Kvendset, Surnadal
4. Ola Steinsvik, Volda
5. Geir Hole, Ørsta
6. Organisasjonssjefen i M&R Bondelag

8. Ordstyrar til årsmøtet 2011

Vedtak:

Ordstyrar	Anne Saltrø Polden, Surnadal	– Ny - Valt mot 1 stemme
Varaordstyrar:	Knut Sjømæling, Gjemnes	– Attval - Valt mot 1 stemme

9. Val av revisorar.

Vedtak:

1. Jon B. Nedal, Averøy	- Attval
2. Ole Marvin Aarstad, Nesset	- Ny (1. vara frå 2009)
Vararevisorar i nr.-orden:	
1. Oddvar Myrset, Fræna	– Ny
2. Lars Håkon Furset, Stranda	- Attval

10. Valnemnd – val av 2 medlemmer for 3 år**I valnemnda sit frå før:**

Jorunn Solnørddal Myren, Ørskog

Ivar Aae, Averøy

Ola Steinsvik, Volda

Funksjonstid:

(2009/2010/2011)

(2010/2011/2012)

(2010/2011/2012)

Vedtak:

1. Leif Inge Grebstad, Sykkylven	(2011/2012/2013)
2. Gunnbjørg Trondsen, Fræna	(2011/2012/2013)

Val av leiar i valnemnda 2011 for 1 år:**Vedtak: Ivar Aae, Averøy****Val av nestleiar i valnemnda 2011 for 1 år:****Vedtak: Leif Inge Grebstad, Sykkylven****11. Val av 3 varamedlemmer i valnemnda (2011) i nummerorden for 1 år:**

Vedtak:

1. Jens Kristian Eikrem, Tingvoll
2. Geir Hole, Ørsta
3. Søren Johan Øveraas, Vestnes

SAK 12: REISE OG MØTEGODTGJERSLE FOR TILLITSVALDE

Vedtak: Fylkeslaget nytter Norges Bondelag sine satsar for reise og diett samt for møtegodtgjersle til fylkesstyret, revisorane, samt til tillitsvalde medlemmer i utval som er oppnemnt av fylkeslaget og talspersonar som opptre på vegne av fylkeslaget.

(Møtegodtgjersla gjeld ikkje for utsendingar frå lokallaga til leiarmøtet og årsmøtet av di det ikkje er budsjettmessig dekning for det i fylkeslaga. Reisedekning for desse møta blir fastsett av styret. Evt møtegodtgjersle for lokallaga må bli gjeve etter vedtak i årsmøta i lokallaga.)

Avslutning

Inge Martin Karlsvik takka for tilliten og var stolt over å skulle representere Bondelaget.

Arne Magnus Aasen takka for alt som har vore og for eit godt årsmøte.

Møtet heva kl 13.15**Gunnar K Wentzel – ref John Helde – ordstyrar****Janne Mork (s)****Jan Ståle Haugnes (s)**

Avtroppande styremedlem Per Kristian Gjerde (t.v.), nyvalt leiar Inge Martin Karlsvik og avtroppande leiar Arne Magnus Aasen. (Foto: Arild Erlie).



Vedlegg til protokoll frå årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag



AVTAKKING UNDER MIDDAGEN

FREDAG 12. MARS KL. 19.30

Arne Magnus Aasen vart takka av med gåver for mangeårig godt arbeid i styret med seks år som fylkesleiar av nestleiar Inge Martin Karlsvik (t.v.). Han overrekte to innramma bilete frå aktivitetar gjennom åra, og gåvekort på valfri reise. Kona May Iren var gjest på årsmøte og fekk blomstrar. T.h. styremedlem i Norges Bondelag, Svein Guldal.

Arne Magnus Aasen takka Per Kristian Gjerde for to år i styret og eitt år som andre vara. Han fekk overrekt bilete frå aktivitetar.

Vidare var det også utnemning av Sykkylven Bondelag som Aktivt Lokallag 2009, heider til "supervervar" Hans Jakob Hatlestad som har verva 27 nye medlemmer, og premiering av lokallag som har fått fem nye medlemmer sidan siste årsmøte. (Sjå eigen omtale).

PREMIERING FOR MEDLEMSVERVING

Fylkeslaget vil premiere alle lokallag som har fått minst 5 nye medlemmer frå førre fylkesårsmøte fram til årets årsmøte med Bondelags-effektar. Totalt fekk Møre og Romsdal Bondelag 168 nye medlemmer frå årsmøtet 2009 til årsmøtet 2010.

Dei som vart premiært med Bondelaget sin kjeledress i år var: **Sykkylven Bondelag (28 nye), Rauma Bondelag (17 nye), Fræna Bondelag (9 nye), Rindal Bondelag (9 nye), Ørskog Bondelag (8 nye), Skodje Bondelag (7 nye), Surnadal Bondelag (7 nye), Vestre Sunnmøre Bondelag (6 nye), Averøy Bondelag (6 nye), Molde Bondelag (5 nye), Vestnes Bondelag (5 nye), og Aure og Tustna Bondelag (5 nye).**



UTNEMNING "AKTIVT LOKALLAG" 2009

Under middagen fredag kveld vart Sykkylven Bondelag utnemnt til Aktivt Lokallag 2009.

Fylkesleiar Arne Magnus Aasen overrekte vandrepremien, trekofferten, til leiar i Sykkylven Bondelag, Leif Inge Grebstad. Han takka for utmerkinga.

Også tidlegare lokallagsleiar, noverande kasserar i Sykkylven Bondelag, Hans Jakob Hatlestad (t.v.) mottok heider. Han er årets "supervervar" ved å ha verva svært mange av dei nye medlemmene i Sykkylven Bondelag i 2009. Han har halde fram vervearbeidet på nyåret, og sto pr. fylkesårsmøtet for verving av heile 27 nye medlemmer i Sykkylven Bondelag på kort tid.

Styret i M&R Bondelag vil som «Aktivt Lokallag» for 2009 utnemne eit lokallag som har halde jamn, stor og god aktivitet. Fylkeslaget har vurdert fleire aktuelle lokallag. Leiaren i laget som vert utnemnt får bere vandrepremien, trekofferten.

Lokallaget har hatt god og høg aktivitet over lang tid. Laget har siste året halde mange møter, utadretta aktivitetar og initiativ til tiltak i bygda. Mange av aktivitetane laget har skipa til har fått god mediaomtale i lokalavisene.

Laget har sendt uttale foran jordbruksforhandlingane, delteke på arrangementa fylkeslaget skipar til, og vore med på Bondelagets aksjonsdag med utdeling av aviser før jordbruksforhandlingane. Lokallaget har sidan 1998 arrangert på eigen hand eller vore medarrangør av Open Gard heile 9 gonger, seinast i 2009.

Årsmeldinga ellers viser mange andre og varierte aktivitetar i 2009, mellom anna:

- møter og studieringar om kravet til kompetansebevis i dyrevelferd,
- medspelar på hausttakkefest i kyrkja,
- møte med kommunen om SMIL-midlane og RMP,
- fokus på framtida for landbruksmiljøet i bygda,
- kalktinging og plastinnsamling,
- leiar og nestleiar har delteke på jordvernkonferanse i Trondheim,
- drøfta utkastet til nytt prinsippprogram for Norges Bondelag,
- saman med andre og på eige initiativ hatt sterkt engasjement mot planlagt ny stor høgspent kraftline gjennom bygda.

Medlemsverving skal tilleggst stor vekt ved kåring av Aktivt Lokallag. For første gong på svært mange år har Møre og Romsdal Bondelag no eit lokallag som kan vise til ei stor auke med heile 25 nye medlemmer på eitt år. Og som truleg vil vere ein kandidat som kan gå heilt til topps i kåringa til beste lokallag i Norges Bondelag på årsmøtet i juni.

Vedlegg til protokoll frå årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag – Referat frå:**Landbrukskonferanse fredag 12. mars 2010 på Hotel Alexandra i Molde****Rekruttering til landbruket i Møre og Romsdal:****Inn i nytt tiår med ny stortingsmelding om landbruks- og matpolitikken**

Fylkesmann Lodve Solholm (foran t.h) opna konferansen. Her saman med landbruksdirektør Anne Berit Løset og fylkesjordsjef Ottar Longva. (Foto: Arild Erlien)



Fylkesagronomane ved landbruksavdelinga, Åshild Melkeraaen på klaver og Kari Bjørnøy på fløyte, sto for fleire musikalske innslag under konferansen.

I framkant av fylkesårsmøtet vart det halde ei landbrukskonferanse kl 10.45 til 15.45 med **96 deltakarar**, arrangert i lag med Landbruk Nordvest og Fylkesmannen si landbruksavdeling.

Deltakarar var frå lokale Bondelag, kommunar ved personar med ansvar for landbruk og næring, bankar, M&R fylke, Innovasjon Norge. Konferansen viste at det er nyttig å kome saman til felles utveksling av informasjon, idear og gje inspirasjon.

Under konferansen var det **musikkinnslag** ved fylkesagronomane **Åshild Melkeraaen**, klaver og **Kari Bjørnøy**, fløyte.

Fylkesleiar **Arne Magnus Aasen** ønskte velkomen til Landbrukskonferansen, som vart opna av **fylkesmann Lodve Solholm**. Han snakka om mulegheiter i landets fremste matfylke.

Jordbrukssjef **Rose Bergslid** i Tingvoll tok føre seg næringsutvikling i kommunen. Byggtekniske løysingar og økonomi, var tema for planleggar ved Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, **Øyvind Bolsø**, sitt foredrag.

Møre og Romsdal – mjølk og mykje meir, var tema for landbruksdirektør **Anne Berit Løset** sitt foredrag.

På konferansen orienterte rektor ved Gjermundnes landbruksskule, **Aadne Haarr**, om landbruksutdanninga. Styremedlem i Norges Bondelag, **Svein Guldal**, fortalde om Bondelaget sine tiltak for rekruttering og utdanning.

Leiar Rindal Bondelag, **Tore Simonset** og leiar Surnadal Bondelag, **Oddvar Mikkelsen**, var to yngre bønder med tru på framtida i landbruksnæringa som presenterte sin gard og matproduksjon.

Siste del av konferansen var sett av til ”spørjetime” og samtale med stortingsrepresentant **Tove-Lise Torve** (Ap), Sunndal, fylkesvaraordførar **Svein A. Roseth** (KrF) og LO-sekretær **Rune Solenes Opstad**.

I pausen 15.45-16.15 var det ost frå **Othild og Asbjørn Tjugen** frå Derinngarden i Eide.

Deretter var det **miniseminar** kl. 16.15-18.00 om rekruttering og faglege utfordringar for landbruksnæringa i fylket.


Her var det innleiingar ved leiar i Rauma Bondelag, **Anders Øverbø**, som såg på utfordringar for rekruttering til næringa lokalt. Rekruttering var teke opp som innkomen sak frå Rauma Bondelag, presentert for forsamlinga fredag og vedteke i årsmøtet laurdag.

Organisasjonssjef Gunnar Wentzel la fram fylkestyret sine framlegg til tiltak på rekruttering.

Fagleg opplæring, rettleiing og avløyising vart teke opp av **Ivar Bakken** i Landbruk Nordvest,.

Leiar i Midsund Bondelag, **Odd Helge Gangstad**, orienterte om prosjektet frå kalv til ku – fadderordning skule og fjøs i Midsund.

Landbruk Nordvest heldt parallelt miniseminar kl. 16.00-18.00 for påmelde med tema om Usynlege gjerde for beitedyr og Biogass.



Leiar i Rauma Bondelag, **Anders Øverbø** (t.v.), dagleg leiar i Landbruk Nordvest, **Ivar Bakken**, fylkesleiar **Arne Magnus Aasen** og leiar i Midsund Bondelag, **Odd Helge Gangstad**. Bak org.sjef **Gunnar Wentzel**.



Fylkesmann Lodve Solholm på talarstolen. Vidare org.-sjef Gunnar Wentzel, fylkesleiar Arne Magnus Aasen og nestleiar Inge Martin Karlsvik. (Foto: Arild Erlien).

Den nye fylkesmannen Lodve Solholm

opna konferansen. Stolt av å ha blitt fylkesmann i heimfylket. Matfylke nummer ein. Landbruket synleg samfunnsaktør og viktig næring i fylket. Bygdene treng landbruket og landbruket treng bygdene. Det skjer store endringar i matvareforbruket i verda. Omstillingstakta i landbruket er stort, og heller større enn i andre næringar. Landbruket er kapitalkrevjande. Utfordringa er å få unge til å satse på næringa.

Utøvarane må lære av kvarandre og utveksle erfaringar. Kva mulegheiter har vi i fylket: Satse på det vi er gode på, både volum og spesialisert. Landbruket sitt rykte er godt, men det må bli halde vedlike og at tilskotsordningane blir rett brukt. Den etiske standarden er viktig og at de som tillitsvalde peikar på. Vil leggje vekt på godt samarbeid med næringslivet i fylket. Vi må også tenkje på vår eigen helse og oss som medmenneskje. – Om ein brukar all tid og energi på dei små og lite viktige tinga, så får du aldri plass til det viktige. Gjør dei store tinga som betyr noko først.

Næringsutvikling i kommunen ved jordbrukssjef Rose Bergslid, Tingvoll

Kommunen har to næringsutviklingsprosjekt der kommunen deltek. Har kommunalt landbruksfond, tidl. på 300.000 kr. For mange bønder er det ingen sak å byggje eit fjøs, men mykje verre å kome gjennom byråkratiet. Alltid val om ein vil sjå firkanta på ting etter reglande eller prøve å løyse på ein god måte.

Byggtekniske løysingar og økonomi.

Master i husdyrbygg UMB

Øyvind Bolsø, Felleskjøpet N & R

Steinkjer husdyrfag og husdyrbygg på UMB. Trenden fram til i dag er at dei fleste som planlegg nytt går over på mjølkerobot. Robot-tettheten i Nordmøre og Romsdal tek til å bli stor. Byggjekostnadar spørsmål om areal, byggjemåtar, og erfaringane med kaldfjøs i vinter har vore krevjande. Mekaniseringsval om robot eller mjølkestall. Ser at det er kostnad frå 4.-7.000 kr/kvm. Prislapp 5-15 mill kr vanleg på bygg opp til 60 kyr. Fram til 2024 behov for 20 mrd kr i investering i Norge om flest muleg skal få lausdrift.



Landbrukskonferanse 12. mars. Frå venstre: planleggar Øyvind Bolsø frå Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal, landbruksdirektør Anne Berit Løset, jordbrukssjef i Tingvoll, Rose Bergslid, avdelingsleiar ved Gjermundnes, Geir Inge Lien, leiar i Rindal Bondelag, Tore Simonset, leiar i Surnadal Bondelag, Oddvar Mikkelsen og fylkesleiar Arne Magnus Aasen (Foto: Arild Erlien).

Møre og Romsdal: mjølk og mykje meir Landbruksdirektør Anne Berit Løset.

Gjere opp status: Føl vi dei store trendane. Ikkje trendsettar på kylling som har vokse så mykje. Gris. Møre og Romsdal det fylke som har hatt størst nedgang i dyrka areal, 4% på 6 år. Jordbruksføretak ned 20% mot landet 15% i same periode. Investering på eitt bruk gir gjerne at fleire i bygda føl etter, synergi eller galskap. No fleire som investerar i sau. Gris løfta med 12.000 fleire smågris ut frå fagmiljø og purkeringen sidan 2000. Egg sterk spesialisering og produksjonsauke på 30% sidan 2000.

Inn på tunet 50 etablerte tiltak i fylket. Håper at satsing på lokal mat kan ha effekt inn i reiselivet. Kva skjer: Folk blir oftast buande på gardane når dei legg ned drifta – betyr det at andre ikkje får sleppe til? Kva må til : Utviklinga viser behov for å ha breitt fokus også på nye næringar og kulturlandskapet. Suksesskriteria er at nokre flinke einskildpersonar har gått først og trekt med seg andre. Små ting kan vere starten på noko større også for andre næringar slik vi har sett for mjølk.

Landbruksdirektøren ville samtidig takke Arne Magnus for arbeidet i Landbruksselskapet og næringa elles over mange år, og overrekte biletet ”Kuflokk i paradiset”.

Landbruksutdanninga i fylket.

Rektor Aadne Haarr, Gjermundnes

Skulen må vere interessant for 16 åringane. Kvalitet og marknadsføring. Han meinte næringa må marknadsføre også tilbodet til alle dei flotte unge som vil gå på line for hest og som får ei grunnopplæring i landbruk.

Norges Bondelags tiltak for rekruttering og utdanning, v/styremedl Svein Guldal.

Når han kjem til Møre og Vestlandet så føler han at det er her dei store ressursane er. Bondelaget arbeida med ein strategi for rekruttering, 500 som tek agronomeksamen kvart år. Skal også rekruttere til offentlege oppgaver. Bør slutte å seie til dei unge at ta deg ei anna utdanning enn landbruk først, men sjå på alle mulegheitene landbruksutdanning opnar for. Må som olje og fiskeri arbeide med sikkerheit. Trenger kompetanse på nye områder og teknikk tilpassa nytt klima og arbeidsforhold.

To yngre bønder med tru på framtida i landbruksnæringa:

Tore Simonset, leiar Rindal Bondelag:

Samdrift i lag med broren. Fjerna Ribo-dekket. Mange i Rindal leigar ut kvoten i staden for å selje kvoten. Mange varskua om at dei vil slutte. Miljøet i Rindal veldig bra. Kukafe, Felleskjøpet aktuelle tema. Bruker mobil til å be kvarandre på kaffe og bowlingkveld. Skeptisk til utviklinga. Utgiftene aukar og staten kutter tilskot til samdrift. Har drevet i Bygdeservice og leigekjøring. Det skal ikkje vere tilleggsnæring som berger landbruket, for det er på fritida som for andre folk.

Oddvar Mikkelsen, leiar Surnadal Bondelag

Rettleiar for bønder og kornmøller. Plan om oksar i gamalfjøsena. Kan få inn 50 sau. Da utfordring å få nok areal nært nok, eig for lite areal sjølv. Eit opp/ ned husmannssystem der store drivarar eig lite. Dei økonomiske resultatane er dårlegare enn det som var føresetnaden da vi bygde i 2006. Mineralgjødning og kraftfôr spesielt. Transportkostnadene fôr større enn venta. Gjeld særleg husdyrhaldet og i mindre grad dei som driv med korn. Banken bekymra over press på driftskreditt, også på dei som ikkje har bygd, spesielt to siste åra. Bygde kraftverk saman med to naboar og Hydroplan 15 GWh 750 husstandar, 4,8 MW. Allsidig drift i Surnadal. Planar for meir fjørfe. Snakkar om store investeringar rundt sentrum i Surnadal, men er mykje i landbruket også. At Trollheimen skal vere yngleområde for både jerv og gaupe er fortvila.

”Spørjetime” Møteleiinga samtala med:

Stortingsrepresentant Tove-Lise Torve, Ap.

Mørebenken representerer ulike parti og program. Vi frå distrikta meir oppteken av landbruket. Tru på at kommunane prioriterar og legg til rette for mjølkeproduksjonen og nyttar av sine næringsfond til kjøp av mjølkekvote og rettleiarstillingar. Kva er viktigast for dokker. Seie litt om rekruttering og leggje til rette for samdrift. Drømte i ungdommen om å drive gard. Bondelaget må framleis bruke oss og bede om møte med mørebekken. Forstått at dei som har gått inn for samdrift er skuffa. Vi blir ikkje betre i landbrukspolitikken enn det de som bønder gjer oss.



Fylkesvaraordfører Svein A. Roseth (t.v.), stortingsrepr. Inger Lise Torve (Ap), Sunndal og LO-sekretær Rune Solenes Opstad. (Foto: Arild Erlie)

Fylkesvaraordfører Svein Atle Roseth, KrF.

Fylkeskommunen fått nytt oppdrag om uttale på jordbruksavtala og oppe første gang den 1. Mmrs. Utvalet ganske samstemt. Ville spisse uttalen, men fikk ikkje med spissinga på Vestlandslandbruket, men elles bra. Vanleg for fylkeskommunen å delta i rundar der ein tek opp næringa.

LO-sekretær Rune Solenes Opstad.

LO er paraplyen for 21 forbund og jobbar meir med rammevilkåra for industrien. Næringsmiddel er nest største industrigrein. I dag 3 departement som føl opp, arbeider for samordning. I industrien er 90% organisert. LO sin suksessfaktor er samarbeidet med staten og NHO og fått tyngde som er umuleg å oversjå. Norske bønder har mange vener og LO er ein av dei. Spele på gode samarbeidspartnarar er viktig, som Fellesforbundet. Desto fleire medlemmer, desto meir kan ein jobbe.

Møteleiar Arne Magnus Aasen reiste spørsmålet om næringa blir trudd på tala om økonomien i næringa.

Fylkesvaraordfører Svein Atle Roseth: Behov for vekkingsmøte på dette. Fylkesutvalet reiste spørsmål om forholda var slik han påpeikte i framlegg til tillegg i uttale frå fylkesutvalet. Greie å kommunisere det ut. Snakka om minsteløna i butikken i media i dag opp frå 275.000 til 300.000 kr. Må vere veldig konkret på dei krava vi har.

Stortingsrepresentant Tove-Lise Torve: Har inntrykk av at tala blir teke som realistiske. Men verken landbruket, kommunane, LO eller politiet får nok pengar. Må bli enno tydelegare og flinkare til å kommunisere ut. Forenkla og eksemplifisere.

LO-sekretær Rune Opstad: Sentralt i LO fikk han ein gong i månaden besøk av NBS på kontoret. Ønsker regelmessig informasjon og kontakt.

Desse hadde ordet frå forsamlinga:

Odd Ingar Torvik: Landbruksutdanninga – Hestelinja ender opp med fagbrev medan ein som er agonom ikkje får fagbrev.

Svein Guldal svarte at fagbrev begrenset samla valmoglegheit og høver meir for spesialarbeidar.

Petter Erling Lied peikte på forholda når økonomien på desse godt arronderte bruka er dårleg.

Odd Einar Fjørtoft presenterte Landkreditt sitt tilbod. Med Landkreditt bank årleg innsparing på 4-500 mill kr også som følgje av konkurransen og særleg på driftskreditt. Landkreditt vil vokse og behov nye pengar. Greidd halde så lågt rentenivå gjennom finanskrisa fordi ein har så mykje pengar og slapp hente i dyr pengemarknad.

Solveig Linge Stakkestad, peikte på verdien av bodskapen som kjærleik til mat.

Guttorm Kjelsvik: Låg inntekt hos bonden og høg hos forbrukar viser eit strukturproblem, nei, stimulert at bonden skal ut av yrket. No skal finansministeren stramme inn på alle. Trur de på talla? Risikoanalyse: Om de trur på talla burde de gjere noko med det. I 2008 var det 40 land som gjorde noe med eksport av eigne landbruksvarer for å sikre mat til folket. Trur ikkje forholda i jordbruket har vore dårlegare sidan etter krigen.

Oddvar Mikkelsen: Landbruk er no storpolitikk og mangel på ressursar. Norsk landbruk har ikkje ressursar til å møte ytterlegare innstrammingar. Har i Norge stordriftsulemper utandørs sjølv om vi kan ha same forhold som andre land innandørs.

Birgit Kjerstad: Oljen gir oss rus med lette inntekter som er uimotståeleg. Skal over i eit fornybarsamfunn – korleis tenkjer de på talet på sysselsette i landbruket eller om vi skal springe fortare.

Rune Opstad: Ja, vi trur på tala. Om kyst-Norge gror att - Kom med informasjon og talla.

Tove-Lise Torve: Viktig at de som har kompetansen må ut og misjonere. Kan ikkje berre snakke saman internt. Er ei dyktig og kunnskapsrik menigheit og framfor jordbruksavtala. Må meir krutt til og bruke media for rått og røte. Konkurranse om arbeidskrafta: Bli ei kjempetøff utfordring for mange yrker som i omsorg. Det blir knallhard konkurranse.

Svein Atle Roseth: Oppnemnd seg sjølv til landbrukspolitisk talsperson i fylkesutvalet. Ingen stiller spørsmål ved bondens arbeidstid. Kan vere nokre spørsmål ved analysa på eigenkapital. Han ser utviklinga som styremedlem i Nettet Sparebank. Når fylket blir 49% eigar av Innovasjon Norge – kva vil vi då gjøre. Nyleg løfta fram lærarane og politiet. Kan vere dags for landbruket.



Rektor Aadne Haarr (t.v.) og avdelingsleiar Geir Inge Lien ved Gjermundnes Landbruksskole, og styremedlem i Norges Bondelag, Svein Guldal. (Foto: Arild Erlien).



Avdelingsleiar ved Gjermundnes, Geir Inge Lien, Edgar Dromnes frå Rindal Bondelag, stortingsrepr. Tove Lise Torve og Oddvar Mikkelsen frå Surnadal Bondelag.



Inge Martin Karlsvik (t.v.) vart ny fylkesleia etter Arne Magnus Aasen, her saman med tidligare leiarar i M&R Bondelag; Knut Sjømelting, Gunnar Waagen og Guttorm Kjelsvik (Foto: Arild Erlien).



Leiar i Møre og Romsdal Bygdekvinnelag, Solveig Linge Stakkestad (t.v.), styremedlem i Nortura, Kari Redse Håskjold, Volda og styremedlem i Norges Bondelag, Svein Guldal (Foto: Arild Erlien).